

# Høyring av verneplan for skog

**Forslag til utviding av Bandaksliane naturreservat  
i Kviteseid og Tokke kommunar, Vestfold og Telemark fylke**



*Gamal granskog*

*Foto: J.G. Brynjulvsrud BioFokus*

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark**

**Februar 2021**

# Innhald

side

<b>1. Bakgrunn.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....</b>	<b>3</b>
<b>3. Heimelsgrunnlag.....</b>	<b>3</b>
<b>4. Saksgang.....</b>	<b>4</b>
<b>5. Verneplanen sitt omfang.....</b>	<b>7</b>
<b>6. Faktaark .....</b>	<b>8</b>
<b>7. Forslag til verneforskrift .....</b>	<b>11</b>

**Vedlegg: Vernekart**

## 1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring forslag om utviding av Bandaksliane naturreservat i Kviteseid og Tokke kommunar. Området Lynglifjellet (Ånevatn) grenser inn mot eksisterande Bandaksliane naturreservat og storområdet skal heite Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat.

Bakgrunnen for verneforslaget er eit tilbod om frivillig vern frå tre grunneigarar. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2018 og det er dokumentert verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven. Jf. kapittel 6. med nærare skildring av området.

Forhandlingar om erstatning vil bli slutført parallelt med høyringa.

## 2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av skogvernet i Norge*», NINA rapport 54/2002 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakst for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

## 3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

- ” Som naturreservat kan vernes områder som
- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
  - b) representerer en bestemt type natur,
  - c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,

- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller  
e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*

*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”*

#### **4. Saksgang**

##### **MELDINGSFASEN**

Formell start på verneplanarbeidet for Lynglifjellet vart meldt 11. juni 2020. Det kom følgende merknader i meldingsfasen:

Riksantikvaren (e-post av 12.06.2020) syner til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar difor ikkje saka.

Språkrådet (brev av 29.06.2020) uttalar følgjande:

*«Det går ikkje fram av saksdokumenta om det utvida området framleis skal heite Bandaksliane naturreservat, eller om namna Lynglifjellet eller Ånevatn skal nyttast. For det første namnet tilrår vi skrivemåten **Lynglifjell** i samsvar med tilrådd skrivemåte i SSR og uttale i ubunden form i heradsregisteret. Namnet Ånevatn har vi ingen merknader til kva gjeld skrivemåten, men ut frå kartet ser det ut til at dette vatnet ligg utanfor det utvida verneområdet. Vi ber Fylkesmannen om at det i den lokale og sentrale høyringa kjem tydeleg fram kva som skal vere namn på det utvida naturreservatet.»*

Bane NOR (brev av 09.07.2020) uttalar at planområdet ikkje rører ved jernbanen sine interesser, og dei har difor ingen merknader til planarbeidet.

Statnett (brev av 13.07.2020) uttalar følgjande: *«Statnett er rettighetshaver innenfor det foreslåtte Lynglifjellet naturreservat i Kviteseid kommune. En gjør oppmerksom på at det innenfor planområdet må tas nødvendig hensyn til drift og utvikling av anleggene.*

##### **Statnetts merknader**

*Statnett er berørt ved at verneområdet er foreslått lagt over det klausulerte ryddebeltet for skog / byggeforbudsbeltet til 420 kV – transmisjonsnettledningen mellom Holen og Rød transformatorstasjoner. Klausuleringsbeltet til ledningen er 40 meter bredt, 20 meter til hver side for senter av ledningen.*

*Statnett har konsesjon til å eie, drifte og vedlikeholde transmisjonsnettledningen, og har ervervet rettigheter til dette gjennom ekspropriasjonsskjønn og minnelige avtaler. I Statnetts rettigheter inngår også retten til transport med motoriserte kjøretøy og rett til rydding av skog, herunder*

nødvendig felling av trær i skrått sideterreng utenfor ryddebeltet av hensyn til forsyningsikkerheten til ledningen.

### **Kommentarer til forskriften / Statnett ber om at følgende forhold hensyntas ved utarbeidelse av verneforskrift**

#### Drift, vedlikehold, oppgradering og fornyelse

Det er av stor betydning at det i forskriften gis et generelt unntak fra vernebestemmelsene for drift og vedlikehold på energianlegg i og inntil verneområdet. Videre må det være åpning for oppgradering og fornyelse av transmisjonsnettledninger for heving av spenningsnivå og økning av linjetversnitt. Denne type arbeid og tiltak kan være avgjørende for forsyningsikkerheten over transmisjonsnettet og må være nedfelt i bestemmelsene til verneområdet.

#### Motorisert ferdsel

I forbindelse med bygging og drift av ledningen er det etablerte kjørespor i forbindelse med drift og vedlikehold. Disse traseene brukes ved befaringer og reparasjoner i driften. Statnett ber om at disse traseene, sammen med ledningens skogryddebelte, tas inn i vernekartet og at motorisert transport etter disse ikke må være søknadspliktig. Omfanget av transport etter denne traséen er svært beskjeden.

Statnett ber om at det gis et generelt unntak fra vernebestemmelsene når det gjelder motorisert ferdsel etter konkrete traseer slik som vedtatt i \*kongelig resolusjon av 23.06.2020, saksnr 19/3624 og vern av Rupefjell og Selslinatten naturreservat i Notodden kommune i Vestfold og Telemark og Kongsberg kommune i Viken. Statnett vil så snart som mulig få GPS logget traseene som blir brukt slik at disse kan brukes som grunnlag til vernekartet. GPS logg vil bli ettersendt så snart sporing er gjennomført.

\* <https://www.regjeringen.no/contentassets/d80881c0822442489ba24ce095378be2/fastsettelse-av-forskrifter-om-vern-av-30-skogomrader-i-fylkene-more-og-romsdal-vestland-agder-vestfold-og-telemark-viken-innlandet-og-trondelag.pdf>

Det bemerkes også at Statnett benytter droner til inspeksjon av anleggene, og at droner i likhet med helikopter også kan benyttes til inspeksjon knyttet til utfall eller havari. Det henstilles derfor til at også arbeid med drone og helikopter, herunder landing, også gis et generelt unntak fra ferdselsbestemmelsene i verneforskriftens § 6 da dette er aktiviteter som ikke er i konflikt med verneformålet for skogområdet.

Statnett ber om å få være høringspart i det videre verneplanarbeidet.

Landbruksdirektoratet (brev av 17.07.2020) uttaler følgende:

«Som instans for høyringa av forslag til oppretting av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.

#### **Grundig beskriving av området**

Av høyringsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksformål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngjeve i høyringsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmande):

- o Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal
- o Traktorveg i samband med jordbruk

- o Støl/seterområde*
- o Beite*
- o Reindrifft*

### **Utforming av forskrift**

*Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Fylkesmannen vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngjeving for dette i høyringsdokumenta.*

*Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifta kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyringsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.*

*For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.*

*Vi går ut frå at Fylkesmannen sin landbruks- og reindrifftsaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.»*

NVE (brev av 22.07.2020) uttalar følgjande:

*«I områdene Miland, Dalåsen, Myklestul, Lynglifjellet og Raudjuv er det konflikt med kraftlinjer. Ellers er det ikke noen kjente konflikter i forhold til våre andre interesseområder. Lynglifjellet (Ånevatn): 420 kV kraftlinje tilhørende Statnett SF går gjennom området.*

*I områdene med konflikt med kraftlinjer forutsetter vi at standard bestemmelser om kraftlinjer blir tatt med i forskriften. I de tilfellene der et foreslått verneområde grenser til ryddegaten for kraftlinjen bør det vurderes å ta inn følgende bestemmelse: «Drift og vedlikehold, samt nødvendig istandsetting ved akutt utfall, på eksisterende energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet». Dette er for å ta høyde for at noe av vedlikeholdet med kraftlinjen vil kunne skje inne i verneområdet, for eksempel linjerydding.*

*Vi støtter også Statnett SF sin uttalelse til verneforslaget om Lynglifjellet hvor det bes om generelt unntak fra vernebestemmelsene om motorisert ferdsel dersom de konkrete traseene blir inntegnet på vernekartet.*

*NVE har generelt ikke kjennskap til nettselskapenes planer for distribusjonsnett, og vi forutsetter at områdekonsesjonærene kommenterer eventuelle konflikter med egne anlegg og planer. Etter det vi kan se er ikke områdekonsesjonærene Vest-Telemark kraftlag AS og Midt-Telemark Energi AS med på høringslisten, og vi ber om at de får anledning til å uttale seg.»*

NJFF Telemark (brev av 22.07.2020) uttalar følgjande:

*«Så lenge de fremtidige verneforskriftene for områdene ivaretar NJFF Telemark sine interesser, på linje med tidligere verneforskrifter, har vi ingen innvendinger mot oppstart av*

verneprosessene.»

Direktoratet for mineralforvaltning (brev av 22.07.2020) uttalar følgjande:

«For verneområda Miland, Myklestul, Lynglifjellet (Ånevatn), Korseikåsen, Skitnebuffjellet, Muttjønn, Bolkesjø, Barlinddalen og Heddedalane naturreservat kan vi ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi har difor ingen merknadar til varsla verneplanarbeid for desse områda:»

## STATSFORVALTARENS KOMMENTARER TIL DE INNKOMNE MERKNADENE

Språkrådet etterspør namn på området og forslaget til namn er Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat.

Når det gjeld innspelet frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at området som er planlagt verna ikkje har støl/seterområde, men skulle det vera aktuelt med beitedyr er det tatt høgde for det i verneforskrifta, jf. § 4b og g, § 6a, 7c, f og i.

Når det gjeld innspelet frå NVE så er standard bestemmelser for kraftliner med i forskrifta, i tillegg er unntak for motorisert ferdsel på driftsvegar for kraftliner tatt inn. Driftvegane er avmerka i vernekartet, samt ryddebelte. Når det gjeld bruk av drone så er det ikkje forbode i området, men bruk av helikopter er forbode og må i så fall søkast om. Vi vil ta inn Vest-Telemark kraftlag AS og Midt-Telemark Energi AS på høyringslista.

## VIDARE SAKSHANDSAMING

Verneforslaget med nærare omtale av området, kart over verneområdet og forslag til verneforskrift vert no sendt på ei felles sentral og lokal høyring med frist **14. april 2021**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av forslaget til vern.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren kommentere eventuelle uttaler og utarbeide ein tilråding om vern til Miljødirektoratet. Direktoratet vil så lage innstilling til Klima- og miljødepartementet (KLD) og vedtak om freding vert gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

## 5. Verneplanen sitt omfang

Navn	Kviteseid Gnr./bnr.	Tokke Gnr./bnr.	Areal i daa anslag	Verneverdi
Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat	10/1, 11/3, 12/1, 12/5, 24/1, 24/2, 26/1, 33/2, 33, 136	145/4, 146/1	20 273	Regional (**)

(Lynglifjellet fekk regional verneverdi (\*\*)) etter dei naturfaglege undersøkingane, medan Bandaksliane fekk nasjonal verneverdi (\*\*\*)).

## 6. Faktaark for utvidingsområdet

LOKALITET:	Lynglifjell (Ånevatn)
KOMMUNE:	Kviteseid
FYLKE:	Vestfold og Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL:	8201 daa
HØGDE OVER HAVET:	685-930 m o.h.
AKTUELLE EIEGDOMAR:	Gnr./bnr. 10/1, 11/3, 12/1

### OMRÅDESKILDRING

Området ligg nord og vest for Ånevatn og omfattar Flottin og Lynglifjell i Kviteseid kommune, Vestfold og Telemark fylke. Området har moderat variert topografi og omfattar koller og fjell, sørvendte skråningar, i aust parti med nordvendte lisider, myrflater og ein liten dalgang ved Ånevatn.

Berggrunnen består i sørvestre delar i hovudsak av ryolitt, ryodacitt og dacitt, i nord og aust augegneis, granitt og foliert granitt, og metabasalt i søraust og aust i tillegg til ein nord-sør-gang i vest. Lausmassedekket består i hovudsak av morenemateriale og bart fjell.

### VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Området vert dominert av fattige vegetasjonstypar i skog i der blåbær- og bærlyngvegetasjon dominerer, i tillegg til ein forholdsvis stor del fattige myrflater og bakkemyrer (myr- og sumpskogsmark). På kollene dominerer lyngvegetasjon, og i det undersøkte område er det og ein del areal med impediment og bart fjell. Furu er det dominerande treslaget i området, men gran utgjer og en betydeleg del. I tillegg er bjørk vanleg, medan rogn og osp opptre spreidd. Impediment og låg bonitet dominerer området, men det finst parti med middels bonitet sentralt i området.

Eldre skog dominerer det undersøkte området, men det finst og parti med yngre hogstklasser. Store areal består av gammal glissen furuskog men særskilt i lisider finst det parti med tettare skog. Det er en del grov furu spreidd i området, med dei største konsentrasjonane i kjerneområda. Det er ein del gadd og læger av furu spreidd i området og det er forholdsvis god kontinuitet i død ved. Spreidde keloelementer av furu finst og. Kontinuitetsberande element av furu førekjem i relativt stor grad, og i areal som ikkje er vurdert til å oppnå terskelverdi for å verta avgrensa som kjerneområde. Det undersøkte området ber preg av - truleg fleire - skogbrannar med varierende omfang. Som følgje av dette finst det forholdsvis mange brannstubbar i området. Gran dominerer i friske lågareliggjande område, og det er ein del førekomstar av død ved av gran, men då i hovudsak knytt til kjerneområda.

### VERNEINTERESSER

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» arter omtala. Det er arter som er sjeldne og som er gjevne ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Raudlista 2015 frå Artsdatabanken. EN = sterkt truga, VU = sårbar, NT = nær truga, der «sterkt truga» er mest truga og «sårbar» er meir sjeldan enn «nær truga».

Innafor avgrensinga er vegetasjonen forholdsvis fattig og homogen og dette kjem til uttrykk i ein relativt einsarta karplanteflora. Det er likevel ein forholdsvis stor del av strukturelement i form av gadd, læger og brannstubbar, i tillegg til spreidde keloelement av furu. Mørk brannstubbelav *Carbonicola myrmecina* (VU) vart påvist fleire stader i undersøkt område. Også lys brannstubbelav *C. anthracophila* (VU) og gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) førekjem spreidd i området. Utover dette vart blanknål *Calicium denigratum* (NT), sprikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT), rotnål *Microcalicium ahlneri* (NT), ospehvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (NT) og grønnsko



*Buxbaumia viridis* (NT) registrert. Kelokjuka *Dichomitus squalens* (EN) påvist på brent furulåg nord for Sandvatn. Utover dette kan ein nemne pusledraugmose *Anastrophyllum hellerianum*, skrubbenever *Lobaria scrobiculata* og lungenever *L. pulmonaria*. Det er eit vidare potensial for krevjande arter knytt til kontinuitetsberande strukturelement. Elles var sommaren 2018 svært tørr og varm og difor var det dårlege voksetilhøve særskilt for eittårig sopp. Totalt vart 9 raudlistearter (1 EN, 2 VU, 6 NT) påvist under feltarbeidet.

Området oppnår høg mangeloppfylling på mangelnaturtypar som følgje av 180 daa gammal furuskog som har stort udekt vernebehov i fylket (Framstad et al. 2017). Naturtypen dekker likevel ein relativt liten del av det totale verneforslaget. Området oppnår samla sett ingen-låg mangeloppfylling som følgje av at berre ein parameter er oppfylt med høg mangeloppfylling.

Området vert samla sett vurdert som regionalt verneverdig (\*\*). Det grenser i nord mot området Bandaksliane, som vart kartlagt (under namnet Gullnes) i samband med frivillig vern i 2016 og vurdert som regionalt viktig (\*\*) (Gammelmo, Ø. & Reiso, S. 2017). Bandaksliane naturreservat vart freda 6. desember 2019. Ei samanslåing av desse områda vil gje eit storområde med totalareal på 20 117 daa.

#### **FØREMÅL** for utvidingsområdet:

Føremålet med utvidingsområdet er å supplere Bandaksliane naturreservat med eit stort område som mellom anna inneheld 180 daa gamal furuskog, med gadd og læger av furu og rimeleg god kontinuitet i daud ved. Eldre skog dominerar området og det er fleire raudlisteartar.

#### **ANDRE INTERESSER**

Ikkje kjent.

#### **TEKNISKE INNGREP**

Det går ei kraftgate gjennom området frå Lynglibunan til Langemyrdalen.

#### **PLANSTATUS**

Arealet er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

#### **MERKNADER**

Ingen merknader.

#### **SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR**

Tabellen under viser skogbruksdata for verneforslaget (utvidingsområde).

Navn	Total-areal daa	Produktivt areal i daa anslag				Tilvekst m <sup>3</sup> /daa	Volum m <sup>3</sup>
		H	M	L	Sum		
<b>Bandaksliane utviding /Lynglifjell</b>	8255	240	1821	4436	6498	0,25	88064

(Dataene er levert av AT Skog)

#### **LITTERATUR**

Referanse: Brynjulvsrud J. G. 2019. Naturverdier for lokalitet Ånevatn, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2018. NaRIN faktaark. BioFokus.

(Weblink: <https://biofokus.no/narin/?nid=6338>)

## 7. Forslag til verneforskrift

### KOMMENTARAR TIL NOKRE AV FØRESEGNENE

#### Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement er omlag 30 deltakarar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om løyve, og då kan forvaltningsstyresmakta vurdere dette i høve til § 7 pkt. d.

#### Vedlikehald av bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i høve til tilstand på vernetidspunktet

Aktuelle bygningar, vegar og andre installasjonar som finst på vernetidspunktet blir vanlegvis teikna inn på vernekartet og desse kan vedlikehaldas i høve til tilstand på vernetidspunktet. Av kjente anlegg og innretningar innafor utvidinga er vegar, stiar og kraftline med tilhørande driftsvegar. I tillegg finst ei gamal jaktbu med behov for oppgradering.

#### Motorferdsel

Motorferdsel er forbode etter § 5 pkt. a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

#### Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdelsesvegar.

Vegar og stiar kan haldast ved like, ryddes, merkes og kan haldast opne for turgåing, sykling og hesteridning. Ridning med vogn er ikkje tillat på sti. Enkel rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i vegar og stiar som hindrar ferdelsen, kan gjerast utan søknad til Statsforaltaren. Vindfall som måtte bli liggande over veg og stig kan kappast og legges til side, normalt vil dette bli gjort av grunneigar eller Statens naturoppsyn.

#### Beiting og gjerding

Beiting er tillatt etter forskrifta. Framtidig behov for oppsetting av gjerde innafor området er søknadspliktig etter forskrifta. Det er ikkje oss kjent beitedyr i området i dag eller satt opp gjerde for dette.

#### Vernekart

Eksisterande vegar, stiar og kraftline er markert i forslaget til vernekart. Eventuelle manglande anlegg og innretningar i kartet kan leggjast inn i samråd med grunneigar, før tilråding til Miljødirektoratet.

## Vedlegg 1

### Forslag til forskrift om vern av Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat i Kviteseid og Tokke kommunar i Vestfold og Telemark fylke

#### § 1.(føremål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av sin storleik, og som representerer ein bestemt type natur i form av skogtypar som bekkekløfter, edellauvskog, boreal lauvskog og brannpåvirka barskog.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av fuktige skogsmiljø med mellom anna ein velutvikla bergveggsflora av lav og mosar, samt sjeldne og truga artar bl.a. tilknytta daud ved som brannstubbar.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

#### § 2.(geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Tokke: 145/4, 146/1. Kviteseid: 10/1, 11/3, 12/1, 12/5, 24/1, 24/2, 26/1, 33/2, 33/136.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 20 273 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Kviteseid og Tokke kommunar, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### § 3.(vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjera noko som vil skade verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Området er verna mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert forureining, dumping av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

#### **§ 4.(generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f) Vedlikehald av bygningar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- g) Forsiktig rydding av småbuskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- h) Utsetjing av saltstein.
- i) Brenning av bål med tørrkvist eller ved ein har med seg, i samsvar med gjeldande lovverk.
- j) Drift og vedlikehald, samt nødvendig istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.
- k) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.
- l) Vedlikehald av bilvegar, traktorvegar, driftsvegar for kraftline og stigar avmerka på vernekartet, i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- m) Rydding av vegetasjon inntil 2 dekar rundt Ragnhildstaul på gnr./bnr.33/2, avmerka på vernekartet.

#### **§ 5.(regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og taka omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Sykling, riding og bruk av hest er forbode, utanom eksisterande bilvegar, traktorvegar, driftsvegar for kraftline og stigar.

#### **§ 6.(generelle unntak frå reglane om ferdsel)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Kjøretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før transporten tek til.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekjøretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor og ATV på eksisterande bilvegar, traktorvegar og driftsvegar avmerka på vernekartet.
- c) Naudsynt motorferdsel i forbindelse med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta om det er kjørt utenom driftsveg for kraftlina.
- d)Nødvendig motorferdsel på driftsveg for kraftline avmerka på vernekartet i samband med drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg.

- e) Nødvendig motorferdsel på driftsveg for kraftline avmerka på vernekartet i samband med oppgradering og fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg som fell under § 4 k.
- f) Motorisert ferdsel på bilveggar avmerka i vernekartet.
- g) Oppkjøring av skiløype avmerka i vernekartet.
- h) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

### **§ 7.(spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Merking av eksisterande stigar og veggar.
- c) Hogst av etablerte plantefelt.
- d) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnde i § 3 d.
- f) Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.
- g) Naudsynt motorferdsel i forbindelse med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftline.
- h) Oppsetting og vedlikehald av gjerder.
- i) Øvingskjøring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- j) Uttransport av felt elg og hjort med anna kjøretøy enn lett beltekjøretøy som nemnt i § 6 andre ledd b.
- k) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar, som er blitt øydelagt ved brann eller naturskade.
- l) Rydding av vegetasjon rundt Mosslidhytta på gnr./bnr. 33/136 avmerka i vernekartet.
- m) Rehabilitering av jakthytte på gnr./bnr. 12/1 avmerka i vernekartet og nødvendig motorferdsel på vinterføre for transport av materiale og utstyr i samband med dette.
- n) Nødvendig motorferdsel for transport av ved, materiale og utstyr til hytter avmerka i vernekartet.
- o) Bruk av reservatet i miljøtilpassa reiselivsvirksomhet etter plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.
- p) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 f, h, l og m og § 7 a, b, c, d, h og i.

### **§ 8.(generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 9.(skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

### **§ 10.(forvaltingsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11.(forvaltingsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

**§ 12.(ikraftsetjing)**

Denne forskrifta tek til å gjelde straks. Samtidig opphørrar forskrift av 6.12.2019 nr. 1858 om vern av Bandaksliane naturreservat, Kviteseid og Tokke kommunar, Telemark med tilhørande vernekart.

**Vernekart fylgjer med som eige vedlegg.**